



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Vår dato
10.11.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/12500 431
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn - Regulering og uttak av vatn - Dåfjorden Klekkeri AS

Fylkesmannen rår til at det blir gitt konsesjon til regulering og vassuttak i denne saka. Søkar bruker beste tilgjengelege driftsmetode jf. naturmangfaldlova §12, samt at minstevassføring kan bidra til å avbøte tørre periodar i vasstrenga.

Vi viser til brev frå NVE datert 16.10.2014, angående søknaden frå Dåfjorden Klekkeri AS om løyve til regulering og uttak av vatn frå øvre og nedre Petarteigsvatna i Stord kommune. Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8.

Dåfjorden Klekkeri AS søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna til produksjon av yngel og smolt med eit gjennomsnittleg vassuttak på 17 l/s. Det vert søkt om og regulere Øvre Petarteigsvatnet mellom kote 41 (LRV) og kote 42 (HRV), og Nedre Petarteigsvatnet mellom kote 39 (LRV) og 40 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er etablert, og det er planlagt ei minstevassføring på 35 l/s.

Bakgrunnen for søknaden er at dagens drift ikkje er i samsvar med gjeldande krav til moderne settefiskanlegg (forelda utslippsløyve frå 1991 og opphavleg konsesjon frå 1983). Det er nyleg blitt etablert produksjonskar med full resikuleringsteknologi (RAS) ved anlegget som ikkje var ein del av føresetnaden i den originale konsesjonen. Alle bygningsmessige endringar er godkjend av Stord Kommune gjennom ordinære byggesøknader, og arealbruk er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Fisk og naturmangfald

Det er eit naturleg vandringshinder nedanfor inntaket som hindrar oppgang av all fisk, men det vil her bli gitt minstevassføring til den 200 m lange sjøaurebekken nedstrøms. Dette vil bidra til å avbøte dei tørraste periodane.

Allmenne interesser

Det er ikkje registrert nokon negative verknadar av eksisterande praksis for vassuttak for allmenne interesser.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at det kan bli gitt konsesjon til regulering og uttak av vatn i denne saka. Søkar har installert driftsmetode i samsvar med naturmangfaldlovas §12 og alle bygningsmessige endringar og arealbruk er godkjend av Stord Kommune. Vassuttaket vil ikkje medføre nokon endring av dagens situasjon, og slepp av minstevassføring kan bidra til vassføring også i dei tørraste periodane.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Stord kommune

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen

Turlag

Hordaland fylkeskommune

Postboks 304

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

5402

5017

5020

Stord

BERGEN

Bergen